

## Håp om snarleg sikring

11.01.2008



- Skulle ha vore ein føringskant her, seier Ivar Kåre Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Eg er samd i at dette er eit stygt punkt som det bør gjerast noko med. Det skulle vore ein føringskant opp til den første avkjørsla, seier Ivar Kåre Døssland i tekniske tenester i kommunen til uskedalen.no.**

For nokre dagar sidan påpeika vi at det burde gjerast noko for å sikra trafikantane som kjem etter den komunale vegen ovafor brua i sentrum.

Trafikantar har sagt til oss at det er berre flaksen som har gjort at ikkje nokon har køyrt ut i elva på dette punktet.

Det er ein slags støttemur langs vegen, men høgda på han varierar og han er heilt fråverande lengst oppe mot den første avkjørsla. Frå brua er det omkring 30 meter opp til denne.

- Så du lovar at noko snart vil bli gjort, Døssland?
- Vi skal sjå på saka med det første, i lys av at vi er inne i eit nytt budsjettår, er svaret.

Så kanskje kjem sikringa før det har skjedd ei ulukke?

Av Ola Matti Mathisen